



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 24.10.2019  
Vår ref: 15/00578-9  
Deres ref:

## **Høring av søknad om driftskonsesjon etter minerallova for Løset uttak i Volda kommune. Tiltakshavar: Rasmus Løset (enkeltpersonforetak)**

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)  
**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 10. mars 2015.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høringa.

### **Høringsfrist: 21. november 2019.**

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på [dirmin.no](http://dirmin.no) under «Saker til høring».

### **Samandrag av søknaden**

Løset uttak er lokalisert på del av gbnr. 93/1 i Volda kommune. Området som det vert søke om driftskonsesjon på har eit areal på om lag 6,9 dekar og visast av kart i høyringsvedlegget på s. 4. Ved siste revisjon av driftsplanen er det berekna at det totale uttaksvolumet er 50 000 m<sup>3</sup>. Forventa årleg uttak er 5000 m<sup>3</sup> masse. Førekomsten består primært av fast fjell. Det vert i søknaden opplyst at råstoffet skal nyttas til murung, samt knusing til pukk og grus.

Omsøkt område er lik område regulert til dagbrudd/massetak i reguleringsplan for massetak og industri på gbnr. 93/1 og 93/2 i Bjørkedalen – Volda, datert 29. april 2010.

### **Forventingar til høyringsfråsegnene**

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak.

Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka.

Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.



Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

DMF gjer **Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)** merksam på at det våren 2019 ble gjort ei geologisk vurdering av skredfare for dagbruddet/masseuttaket ved gbnr. 93/1 i Volda kommune. Rapporten ligg ved høringsvedlegget på side 31.

Heile eller delar av høringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høringsuttalar før vi gjer vedtak.

#### **Kva vurderer DMF i samband med søknaden?**

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m<sup>3</sup> og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

**Høringsfråsegnene skal sendast til**



E-post: [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no) eller ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim

Med helsing

Stine Borge Nordskog  
rådgjevar

Marit Mia Bjørnstad  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Marit Mia Bjørnstad

Mottakarar:

Volda kommune	Stormyra 2	6100 VOLDA
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Hilde B. Johansen Løset	Nørdalsvegen 15	6120 FOLKESTAD
Trygve Ludvig Helset	Nørdalsvegen 41	6120 FOLKESTAD
Ole Jørgen Grytten	Torevegen 19	6006 ÅLESUND
Aud Grytten	Torevegen 19	6006 ÅLESUND
Karl Anders Helset	Nørdalsvegen 36	6120 FOLKESTAD
Rune Løset	Stigedalsvegen 1856	6120 FOLKESTAD
Per Audun Leivdal	Korsvika 6	6006 ÅLESUND
Kopi til:		
Rasmus Løset (enkeltpersonforetak)	Nørdalsvegen 15	6120 FOLKESTAD